



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Referat frå
Kviteseid Sokneråd
Onsdag 17. november 2021, kl.18.00-21.00
Stad: Kommunestyresalen, Kviteseid

Innkalla:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen, Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar).
Vigdis Helene Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjevevje.
3. vara Inge Waldenstrøm vart innkalla på 2 dagars varsel, og møtte.

Meldt forfall: Marit Sørby, Unni Snaunes

Til sak 62 var desse tilsette innkalla: Organist Olav Holm og trusopplærar Knut Ove Lofstad.

Opning av møtet: Møyfrid Lunde
Servering: Vigdis Helene Bruhaug

Oversikt over saker:

SR-sak 57.21 FR	Innkalling og saksliste
SR-sak 58.21 FR	Val av leiar og nestleiar
SR-sak 59.21 FR	Post og meldingar
SR-sak 60.21 FR	Rekneskapsrapport 3. kvartal 2021
SR-sak 61.21 SR	Offerplan for våren 2022
SR-sak 62.21 FR	Møte med organist og trusopplærar
SR-sak 63.21 FR	Høyring om kyrkjeleg organisering
SR-sak 64.21 FR	Møtedatoar for soknerådet 2022
SR-sak 65.21 FR	Eventuelt

SR-sak 57.21 FR	Innkalling og saksliste	MG
Innkallinga til dette møtet blei sendt ut på e-post onsdag 10.11.2021 til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).		
Merknader til innkalling eller saksliste?		
VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		

SR-sak 58.21 FR	Val av leiar og nestleiar	MG
<p>Soknerådet vel kvart år leiar og nestleiar for eitt år.</p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet vel att Marit Gotuholt til leiar for det komande året, og Anne Marit Sørby som nestleiar.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet valde med akklamasjon Marit Gotuholt til leiar for det komande året, og Anne Marit Sørby som nestleiar.</p>		
SR-sak 59.21 FR	Post og meldingar	MG ++
<ol style="list-style-type: none"> 1. Gapahuk-prosjekt: Berre småting står att av arbeid og opprydding. Taket vart noko meir kostbart enn berekna grunna høge materialprisar. Kostnad så langt er kr 138.000 inkl. estimat på det vi ikkje har blitt fakturert for ennå. Stønad og gåver frå eksterne er komen opp i kr 73.000. Soknerådet sitt bidrag har difor blitt kr 65.000, der vi hadde budsjettert med kr 50.000. Opning av gapahuken blir 1. sundag i advent, 28. nov., etter gudstenesta. <i>Vi søker no om tilskot frå OVF etter at dei har annonsert moglegheita. Staben vurderer namnekonkurranse for gapahuken, og ynskjer ikkje at den skal heite noko med Vassåkeren som er det gamle namnet på plassen. Det blir og laga til enkle reglar for bruk og orden.</i> 2. Brann-tilløp Fjågesund kyrkje: Oppryddinga er ferdig. Vi har igjen å sette inn nye grunnmursventilar. Fleire av dei gamle støypejernslukene er øydelagde. Vi har bestilt nye solide ventilar og set dei på plass når dei kjem (før frosten kjem, eller til våren) <i>Eigenandelen på kr 50.000 er betalt. Knif Trygghet forsikring har betalt rekningar på nær 300.000 kr.</i> 3. Hovuddøra i Vrådal: Budsjettposten er sletta. Meir forklaring vart gitt under møtet: <i>Kostnaden på kr 80.000 for rehabilitering av ytterdøra var lagt inn i budsjettforslaget for handsaming i januar 2022, altså lagt til etter forslaget SR vedtok i juni. I samråd med rådmannen er denne posten for naudsynt vedlikehald av kyrkje tatt ut. Rådmannen sitt framlegg til formannskap og kommunestyre blir altså som SR bad om, ein auke på 2,9 % frå 2021, minus kr 80.000.</i> 4. Sakristiet i Vrådal: Tilsette startar oppussinga så snart det lar seg gjere no i vinter. Må fyrst bli ajour med andre oppgåver. <i>Staben startar prosessen med riving av gamle skåp mm, men byrjar ikkje med golvet før jol, på grunn av mange gudstenester.</i> 5. Nye flaggstenger i Brunkeberg er mottekne og blir sett opp så snart det lar seg gjere. <i>Dei kom på plass 16.11. Ein av dei gamle stengene hadde rote i øvste delen.</i> 6. Lesepulten i gamlekyrkja: Kyrkjevevja har arbeidd med saka, men må skrive ny søknad. 7. Utbetringar etter el-tilsyn: No har vi fått varsel om tilsyn i Fjågesund kyrkje også. Brunkeberg og Vrådal er ennå ikkje ferdige og difor ikkje fakturert. Sakene er purra på. 8. Flytting av benker i Kviteseid kyrkje vart godkjend av biskopen 1.11.21. Fleire frå staben var 9. nov. saman om å tilpassa avstanden mellom benkene slik SR har vedteke. Omnane under benkene 		

blei flytta tilsvarande, og benkene blir skrudde fast til golvet. Resultatet er reduksjon av berre ein benk i kyrkjeskippet, og to plassar kan ikkje brukast då søyler kjem i vegen, så vi har 9 sitteplassar mindre. I tillegg er to lange benker i koret er erstatta med kortare benker for å betre passasjen rundt altaret. (Klokkarbenken var kort eit par år før korona-epidemien òg).

Talet på sitteplassar var tidlegare 350. Då flygelet og ljosgloben vart sett inn og det vart laga til plass for rullestol, mista kyrkja om lag 20 sitteplassar. Etter siste endring no, blir talet på faste sitjeplassar justert til 320. (Det er framleis høve til å ha lause stolar til dømes i koret, men vi må passe på å ikkje blokkera rømmingsvegane)

9. Gjennomførte arrangement sidan siste sokneråd:

- 7. nov.: Allehelgenskonsert med Jan Haugen, Vidar Magnushommen m.fl. i Kviteseid kyrkje. Leige. 170 betalande.
- 14.nov.: Konsert med hornmusikken i Kviteseid kyrkje. (Gratis, men med 'kollekt'.)

10. Planlagde arrangement

- 18. nov.: Konsert ved Sigmund Groven, Iver Kleive og Anne Vada: «Innunder jul» i Kviteseid kyrkje.
- 8. des.: Adventssamling for eldre i Kviteseid kyrkje kl.11.00. Besøk av Gunstein Draugedalen. Diakoniutvalet.
- 12. des.: Den tradisjonelle adventskonserten i Kviteseid kyrkje med 'alle' kora i bygda, og hornmusikken. Arr: Soknerådet v/ organisten.

SR-sak 60.21 FR

Rekneskapsrapport 3. kvartal 2021

KS

Rekneskapskontoret i Nissedal har levert rapport for driftsrekneskapsen for 3. kvartal. Kyrkjeverja har periodisert tilskotet tilsvarande (9 mnd.), då det gjev eit meir korrekt bilete av stoda.

Samla resultat for heile verksemda er eit mindreforbruk (overskot) på kr 67.127. Vi veit vi har fleire fakturaer i vente, ikkje minst frå utbetringar etter kontrollen ved el-tilsynet.

Avdelingsvis er resultatet som fylgjer, men alle er litt misvisande fordi tilskotet frå kommunen er ført med feil fordelings-nøkkel. Men feila utliknar kvarandre

110 Kyrkjeleg administrasjon	Løn 80 % og anna drift 84 %	(for mykje tilskot ført: 112 %)
111 Kyrkjer	Løn 82 % og anna drift 56 %	(for lite tilskot ført: 60 %)
112 Kyrkjegardar	Løn 82 % og anna drift 62 %	(for lite tilskot ført: 59 %) Inntekt 68 %
113 Andre kyrkjelege føremål	Løn 68 % og anna drift 49 %	(for lite tilskot ført: 64 %) Inntekt 189 %

På avd. 113 er ikkje kollektar avstemt (14650 ut og 18650 inn for vidareending, skal vera like store)

Vedlegg: Rekneskapsrapport 3.kv. 2021

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa.

SR-sak 61.21 FR	Offerplan for våren 2022	MG
<p>Gudstenesteutvalet har arbeidd med å finne høvelege offerføremål og fordela desse på gudstenestene i 2022. Utvalet har tatt omsyn til våre tradisjonar og retningsliner soknerådet har vedteke .</p> <p>Vedlegg: <i>Offerplan 2022</i></p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet vedtek den framlagde offerplanen for våren 2022</p> <p>VEDTAK: Soknerådet vedtek den framlagde offerplanen for 2022 med små endringar.</p>		
SR-sak 62.21 FR	Møte med organist og trusopplærar	MG
<p>Organisten vår, Olav Holm, og trusopplæraren Knut Ove Lofstad fortel korleis dei har det i sine respektive arbeid, kva dei er opptekne av og arbeider med, og om gleder og utfordringar. Soknerådet har høve til å stilla spørsmål eller kommentera.</p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet takkar for det gode arbeidet organisten og trusopplæraren gjer i og for kyrkjelyden vår.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		
SR-sak 63.21 FR	Høyring om kyrkjeleg organisering	MG
<p>Komité bestående av Marit Gotuholt, Dagfinn Køhn, Sigrun Moen og Møyfrid Lunde, vart sett ned på eit tidlegare møte.</p> <p>Komitéen har utarbeidd eit forslag til høyringssvar. I spørsmål 39 ynskjer komitéen å høyre fleirtalet i soknerådet.</p> <p>Marit Gotuholt vil starte saka med å vise ein filmsnutt som presenterer temaet. Deretter seier Møyfrid Lunde litt som ei innleiing til høyringssvaret.</p> <p>Til gjennomgang av høyringssvaret vil komitéen opne for innspel eller spørsmål samla under dei ulike delane. Komitéen har rekna om lag 1 time på saka totalt.</p> <p>Vedlegg: <i>Forslag til høyringssvar</i></p> <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet vedtek å senda høyringssvara slik komitéen har utforma dei, med dei tillegg og endringar som kom fram under møtet.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet vedtek å senda høyringssvara slik komitéen har utforma dei, med dei endringar som kom fram under møtet.</p>		

SR-sak 64.21	Møtedatoar for soknerådet 2022	MG
<p>Dette er forslag til møtedatoar for soknerådet i 2022.</p> <ul style="list-style-type: none">• 26. januar (AU 12. januar)• 23. mars (AU 9. mars)• 4. mai (<i>merk: Ikkje 22.mai som skrive i innkallinga</i>)• 15. juni (AU 1. juni)• 24. august (ev. AU 10. aug.)• 5. oktober (ev. AU 21. sept.)• 23. november <p>Forslag til VEDTAK: Soknerådet vedtek dei foreslegne møtedatoane for 2022</p> <p>VEDTAK: Son føreslege.</p>		

Møteslutt kl. 21.40

Ref. SGM og KS